



Førsteamanuensis i informasjonsvitenskap

Ved Institutt for informasjons- og medievitenskap er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis i informasjonsvitenskap innan kunstig intelligens (AI) eller maskinlæring (ML).

Institutt for informasjons- og medievitenskap har om lag 80 tilsette på heil- og deltid, av disse er 30 faste vitenskaplege tilsette og omlag 20 doktorander og postdoktorar. Instituttet tilbyr mellom anna bachelor- og masterprogram i informasjonsvitenskap, medie- og interaksjonsdesign og i medievitenskap. Instituttet opna i 2017 ei avdeling i medieklynga Media City Bergen. Her er det nye fasilitetar for undervisning og forskning innan medieproduksjon og teknologi. Instituttet er involvert i arbeidet med å etablere ei kunnskapsklynge i finansteknologi, *Finance Innovation*. Den informasjonsvitenskaplege forskinga ved instituttet er knytt til tre forskingsgrupper: Interaksjonsforskning, Semantiske og sosiale informasjonssystem, Logikk, informasjon og interaksjon. Forsking og undervisning innan kunstig intelligens og maskinlæring er eit prioritert område ved instituttet og denne stillinga er ein del av denne satsinga.

Meir informasjon om instituttet sine forskingsaktivitetar og utdanningstilbod på www.uib.no/infomedia

Arbeidsoppgåver/forskningsområde:

Til denne stillinga ønskjer vi søkjarar innan kunstig intelligens (AI) eller maskinlæring (ML). Alle perspektiv på desse felt er relevante. Det vil kunne vere ein fordel om ein kan knytte seg opp mot forskning innan eksisterande AI/ML-tema ved instituttet, som interaksjon i multiagentsystem, maskinetikk, semantiske teknologiar, tilrådingssystem, stordataanalyser, naturleg språk, eller ulike formar for resonnering (analogisk, Bayesiansk, logikk). Den tilsette vil bidra med undervisning i og utvikling av den delen av kurstilbodet i informasjonsvitenskap som har retning mot kunstig intelligens, maskinlæring og semantiske teknologiar, men vil og måtte kunne ta ansvar for emne som grunnleggande programmering, databasar, introduksjon til informasjonsvitenskap og formelle metodar i informasjonsvitenskap. Stillinga er knytt opp mot kunnskapsklynge *Finance Innovation*, og den som vert tilsett i stillinga forventast å bidra til faglige aktivitetar i klynge.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha doktorgrad innan informasjonsvitenskap eller tilsvarande. 0Det er ynskjeleg at søkjarane har synt evne til å publisere forskingsresultat utover doktorgrad på eit internasjonalt nivå innan faget.
- Ved vurdering av det vitenskaplege arbeidet, vil forskinga frå dei siste fem åra verte tillagt særleg vekt.
- Den personen som vert tilsett må kunne medverke til undervisning både på høgare og lågare grads nivå.
- Vi vil leggje stor vekt på at den som vert tilsett er personleg eigna for stillinga. Samarbeidsegenskapar, planer for forskning og ambisjoner for egen undervisning tillegges vekt.
- Pedagogisk basisutdanning er eit krav for stillinga. Den som blir tilsett vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det blir kravd at den som blir tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga.

Vi kan tilby:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Løn etter lønnssteg 68-75 (kode 1011) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. Dette utgjør ei årsløn på kr 600 200,- - kr 686 900,- brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- Medlemskap i [Statens pensjonskasse](#) og gode [velferdsordningar](#).

Søknaden skal innehalde:

- Følgjebrev som synar motivasjon for å søkja på stillinga og gjer ei oppsummering av planlagt forskingsaktivitet framover
- CV
- Inntil 5 vitenskaplege arbeid med opplysningar om kvar dei er offentleggjorde. Forskinga frå dei siste fem åra vil bli tillagt særleg vekt.
- Fullstendig publikasjonsliste
- Medforfattarerklæringar
- Undervisingsportefolio. Ei samla framstilling som synar din erfaring innan undervisning og rettleiing. Legg gjerne ved pedagogiske publikasjonar, eiga utvikla undervisningsmaterieill, evalueringsrapportar og motekne undervisningsprisar.

- Godkjente kopiar av vitnemål og attester
- Kontaktinformasjon til to referansar

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastas opp i Jobbnorge.

Søknadsfrist: **18. august 2018**

Søknaden skal merkast: **2018/5773**

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til instituttleiar, professor Leif Ove Larsen, tlf. 55 58 41 16, e-post: leif.larsen@uib.no.

Praktiske spørsmål kring søknadsprosessen kan rettast til seniorkonsulent Bodil Hægland, e-post: bodil.hagland@uib-no eller tlf. 55 58 90 53.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning og rekruttere personar med innvandrarakgrunn. Personar med innvandrarakgrunn og nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvoltering.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for stillinga. Det vises til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan den som blir tilsett også bli pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Jobbnorge-ID: 153458, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut